Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 | Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Rendalen

Emne: Gamal engkultur | Bygdelag: Lillebo (p.adr. Versbur).

Oppskr. av: Andreas Ropeid | Gard: Lillebo

(adresse): | G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Martinus Lillebo, f. 1889. Bonde.

SVAR

4. Det har vore vanleg på Lillebo-gardane å ~~vatn~~ gjødsla utslåttene med vatning. Der lendet låg til rette for det, kunne utslåtta verta sett heilt under vatn. Vatnet vart sett på så snart som mogeleg om våren og tatt bort ein 14 dagar før slåtten.

Når Dorthinus Sørjoten ikkje kjende til denne gjødslingsmåten, så måtte det vera fordi vilkåra ikkje låg til rette for slikt på Sørjoten eller Drevsjø. M. L. var overtydd om at dei hadde drive mykje med slik vatning på ~~Kvilten~~ Kvilten.

8202